

Festidalen veks stadig og etter å vere utvida med eitt band om dagen endar programmet på 11 band. Dei 5 siste som er på plass er Honningbarna, Comet Kid, Team Me, Dry The River (frå England) og Skambankt. Frå før er Razika, Jaa9 & Onke P, DeLillos, Silja Sol Veronica Maggio (frå Sverige) og Emilie Nicolas sikra.

Honningbarna går først ut og er ein tornado av punk, rock og tornado, heiter det i førehandsreklamen. Dei har sikra seg både Spellemann og Urørtpriis, er frå Kristiansand og har spela på store festivalar som Roskilde og Øya.

Comet Kid spela overbevisande allereie på Fjellparkfestivalen i fjor sommar og har vakse sidan. Det er eit poprockband med med ein god dose soul og sjarm.

Dry The River frå England har turnert og spela på nokre av verdas største festivalar - til dømes Glastonbury, Lollapalooza og Roskilde. Musikken spenn frå indierock til og pop til sjelfull americana.

Team Me vert karakterisert som ei hitmaskin og har spela for utselte hus i Tokyo, Berlin, London, Paris og overalt i Noreg, Heilstøpt og heftig samt fengande og fagert er ord som vert nytta for å karakterisera det.

Skambankjt er den siste på scena laurdagen. Bandet har ei blanding av ny og gamal rock og punk og treff eit breitt publikum.

Konklusjonen må bli at årets Festidalen vert ein utruleg allsidig mønstring av musikk som bør duka for ei stor oppleving, den største til no.i Uskedalen.

Tekst og nett: Ola Matti Mathisen

Foto: Arnfinn Johnsen